

FRÅ OMSTILLING TIL UTVIKLING

Det er ikkje rart at mange ser til Evje og Hornnes – ein av suksesskommunane i Distrikts-Noreg og den åttande beste vekstkommunen i landet. Dei greidde å snu nedlegging til vekst. – Ansvar ligg hos kommunestyret! meiner ordføraren.

– Det nyttar ikkje å vente på redninga. Ein må ta saka i eigne hender og vere proaktiv, seier ordførar Bjørn Ropstad i Evje og Hornnes kommune på Sørlandet.


*Etter at Forsvaret trekte seg ut, voks andre arbeidsplassar fram, mellom anna innan helse, meistring og besøksnæringar.
(Foto: TrollAktiv)*

Tidleg på offensiven

Ropstad var fersk ordførar då Forsvaret ved tusenårskiftet bestemte seg for å leggje ned eit heilt regiment og med det fjerne 230 arbeidsplassar. I tillegg forsvann eit forsyningssenter med rundt 100 tilsette.

– Det er klart ein merkar det når meir enn 300 arbeidsplassar blir borte. Men vi fekk ikkje panikk. Vi såg moglegheitene frå første stund, understrekar Ropstad. Knepet var å kome tidleg inn i prosessen.





Illustrasjonen viser korleis offentlege og private aktørar samarbeider når ein hjørnesteinsbedrift forsvinn (Melkeveien designkontor AS)

– Vi fekk eit møte med dåverande forsvarsminister Bjørn Tore Godal og fekk lovnad om at 80 forsvarsbustader ikkje skulle seljast på den opne marknaden. Det kunne ført til dumping av bustadprisane i området. Forsvarstilsette fekk forkjøpsrett, og berre éin bustad måtte takast over av kommunen, seier han.

Blomstrande handel

Kommunen overtok òg Evjemoen leir, der Evjemoen Næringspark AS og kommuneadministrasjonen i dag held til.

– No er det alt i alt fleire i arbeid enn før nedlegginga, og fleire nyetableringar er på trappene. Frå å vere leverandørar til Forsvaret har næringslivet funne nisjane sine innanfor mellom anna helse, meistring og besøksnæringar, seier Ropstad.

Kommunen har cirka 3 540 innbyggjarar, men ein imponerende varehandel.

– Dette har vore eit kryssingspunkt for ferdselsårer sidan folkevandringstida. Framleis må «alle» gjennom Evje og Hornnes. Det at vi ligg slik til, gjer at vi handlar for tre og ein halv gong så mykje som befolkninga skulle tilseie, fortel ordføreren.

Kort prosess

Folketalet gjekk litt ned dei første åra etter at Forsvaret trekte seg ut.

– No har vi fleire innbyggjarar enn vi hadde før nedlegginga. Vi ventar at folketalet vil halde fram med å auke. Dette er ein sjølvforsterkande trend, seier Ropstad.

Han meiner hovudansvaret for ein god omstillingsprosess ligg hjå kommunepolitikarane og hjå innbyggjarane sjølve.

– Dei må vise i praksis at dei vil noko. Kommunestyret må signalisere at vi er ein «ja-kommune». Dei skal motivere både andre politikarar og administrasjonen. Dessutan må vegen til avgjersler vere effektiv. Rådmannen må ha vide fullmakter, meiner ordføreren, som sjølv er rekna for å vere ei aktiv og drivande kraft i omstillingsarbeidet.

Evje og Hornnes har lagt ned alle hovudutvala så nær som planutvalet.

– Hos oss er det formannskapet og kommunestyret som bestemmer. Slik har vi hatt det i fem–seks år, og det fungerer heilt fint, seier han.

Evje og Hornnes hadde omstillingsstatus frå 2002 til 2007. Kommunen fekk i alt 40 millionar kroner til arbeidet, og oppretta mellom anna Evje utvikling AS.

– Er det noko du ville gjort annleis om du skulle begynne framifrå?

– Eg ville vore endå meir medviten med omsyn til korleis vi driv sjølve utviklingsselskapet, og samansetjinga av styret er viktig. Gode idear er ikkje nok. Ein må òg kunne gjennomføre. På den andre sida må ein vere villig til å ta nokre sjansar. I utviklingsarbeid vil det alltid vere idear som strandar. Slik skal det vere.

– Korleis står det til i Evje og Hornnes om fem år?

– Då har vi vakse ein god del og er ei viktig brikke for endringar i kommunestrukturen. Eg ser for meg Evje og Hornnes som eit regionsenter for indre Agder. Vi har alle føresetnader for det, seier Ropstad.

Tekst: Hanne Løkås Veigård